

SØKNAD OM MIDLAR I SAMBAND MED KULTURMINNEPLANAR I HORDALAND 2017

Vi viser til e-post frå Hordaland fylkeskommune v/ Elizabeth Warren av 30. mars i år om utvida frist for søknader om midlar til kulturminneplanar.

Fjell kommune søker med dette om inntil kr 50 000 til innlegging av prioriterte kulturminne i den nasjonale kulturminnedatabasen, Askeladden.

1. Status på kulturminneplanarbeidet

Fjell kommune er no midtvegs i Fase B i arbeidet med kulturminneplanen. Fase A (2013-2015) var avgrensa til areal som inngjekk i rullering av kommuneplanen (KPA 2015-2026), jf tidlegare rapportering.

Fase B har ei tidsramme på to år.

2016- Arbeidsprogram for kulturminneplanen vart godkjend i desember 2016, KDF sak 115/16.

2017 - Utarbeiding, høyring og godkjenning av planframlegg. Vi er no i gang med å henta inn ny kunnskap gjennom skriftlege kjelder og litteratur, nye registreringar med verdivurdering og feltarbeid.

2. Kort skildring av prosjektet

Dette er ein første generasjons kulturminneplan. Grunnlaget er lagt gjennom overordna planar, temaplanar, utgreiingar og analyser tilbake til 1970-talet. Under førebuing til siste rullering av kommuneplanen, gjekk Arealplan gjennom plangrunnlaget. No tek vi ein ny gjennomgang med vekt på kulturminne og kulturlandskap. Siste tilvekst i kunnskapsbanken er Statens vegvesen sine Konsekvensutgreiingar med tema kulturminne og kulturmiljø i samband med dei store vegprosjekta i Fjell.

Retningsliner for sakshandsaming og rådgjevingsteneste vil vera eit anna hovudtema.

Gjennom samanstilling og systematisering av kjend kunnskap vil vi få fram behovet for nye registreringar, utgreiingar og finne det som måtte vera kvite flekkar på kartet.

3. Framdriftsplan

Vi vil knytte relevante tiltak i handlingsplanen opp mot medverknad:

- Vi arbeider med ein gjennomgang av SEFRÅK-bygg, der vi systematiserer desse i Excelskjema med relevante opplysningar. Vi har så langt prioritert gjennomgang og synfaring av objekt frå 16- og 1700-talet.
- Vi har eit godt samarbeid med Bjørøy og Tyssøy velforening, som har registrert svært mange kulturminne i sine område. I eit nyleg møte blei dei vist korleis ein legg desse inn i Kulturminnesøk. Vi har også bede om at dei startar jobben med å verdivurdere kulturminna sine. Vi ynskjer også å gjere eit nytt framstøt i forhold til andre velforeiningar og lokalmiljø, i håp om at fleire vil engasjere seg i registrering av kulturminne. Bjørøy og Tyssøy velforening har sagt seg villige til å fronte kulturminneregistrering gjennom ein artikkel i lokalavisa Vestnytt. Dette vil skje i samarbeid med saksordførar for kulturminneplanen.

- Når det gjeld arkeologiske registreringar av fjæremannstuftene, har vi utsett dette til verutsiktene ser betre ut. Universitetsmuseet i Bergen har også meldt si interesse i forhold til dette, og ynskjer å vere med ut når vi skal måle opp.
- Samarbeid med Ungdommens Kommunestyre (UKS). UKS har følgd planarbeidet frå starten. Vi ønskjer at dei skal vera med vidare gjennom utkast til planframlegg, den vanskelege prioriteringsdebatten og godkjennning av plan. Dette vil gje kunnskap om kulturminnefeltet, planprosessar og demokratiopplæring. Og ventegleg vil UKS-arane bli talspersonar for kulturminnefeltet på skulane sine og i nærmiljøa.

4. Finansieringsplan

Ved inngang til feltarbeidssesong står det kr. 140.000 på konto til kulturminneplanen. Vi skal no sette opp budsjett for resten av planperioden. Dei store utgiftene blir transport, kost og innkvartering i felt og møtekostnader som leige av lokale, servering og kunngjeringar. I tillegg kjem trykking av planen.

Straume, 10. april 2017

Aud Raknem

Arealplanleggjar/prosjektleiar for kulturminneplanen